



Laila Kalnes
Fyllingsnesvegen 114
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3519 - 16/31291

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
14.11.2016

Utsleppsløyve - gbnr 214/78 Fyllingsnes

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:Laila Kalnes

Ansvarleg søker:NST Agenturer v/Svein Nilsen

Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for gnr. 214 bnr. 78. Storleiken til utsleppet er opplyst til 6 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 02.11.16 samt bekreftelse på mail datert 14.11.16.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større datert 02.11.16, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d. I søknad går det fram at utslepp i frå anlegget skal gå til stedeagne masser. Utslepp til stedeagne masser vert ikkje godkjent for dette anlegget. For denne tomte er det mogeleg å føre leidning til bekk med heilårs vassføring. Administrasjonen var kontakt med ansvarleg søker den 14.11.16 og har fått skriftleg stadfesting på at utsleppsstad vert endra til bekk med heilårsvassføring.

Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.



Det har ikkje komen merknader til søknaden

Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar si eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

Reinseløysing

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen August. Anlegget tilfredsstillar NS EN-12566-3.

Omsøkte reinseløysing stettar krav til utsleppsstad i følsamt/normalt område, med brukarinteresser.

Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning

Søknad gjelder for nytt avlaupsanlegg. Det vil difor ikkje vert godkjent en løysing der leidning eller nokon deler av avlaupsanlegget er knytt til det gamle anlegget/leidningar.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 02.11.16.

Reinsekrav

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til minireinseanlegg.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak og liggja føre løyve etter plan- og bygningslova.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå minireinseanlegg på følgjande vilkår:

- 1. Avlaupet skal reinsast med biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen August, før det reinsa avlaupsvatnet vert ført til bekk med heilårleg vassføring.**
- 2. Anlegget skal plasserast som syna på situasjonskart 02.11.16**
- 3. Anlegget må plasserast slik at det kan driftast og vedlikehaldast av godkjent føretak. Det er eit vilkår for løyvet at det til ei kvar tid ligg føre serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget.**

- 4. Det må sendast inn situasjonskart i målestokk 1:5000 som syner leidningstrasè**
- 5. Det kan ikkje nyttast leidning eller andre deler i frå eksisterande anlegg på omsøkte tiltak, eksisterande anlegg skal koblast av og sanerast**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3519

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

NST Agenturer v/Svein Nilsen

Leirvikvegen 75 5936

MANGER

Mottakarar:

Laila Kalnes

Fyllingsnesvegen 5913
114

EIKANGERVÅG